



Statsråd Ketil Solvik Olsen
Samferdselsdepartementet
Postboks 8010 Dep
0030 OSLO

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1828 - 14/7632

Saksbehandlar:
Astrid Aarhus Byrknes
ordforar@lindas.kommune.no

Dato:
31.03.2014

Veipakke i Nordhordland

Som statsråden kjenner til vert det i Nordhordland arbeidd med ei veipakke som skal vere bompengefinansiert.

Det har over mange år vore innspel til både regionale og statlege mynde at kommunane i Nordhordland inkl Lindås som eg er ordførar i treng betre og meir robuste vegar. Heile vegnettet er nedslitt , og der har vore ei formidabel auke i trafikkmengde, og vårt næringsliv har over år utvikla seg i positiv retning. Som vertskommune har vi også vore med på å ruste opp og bygge nytt, då dette er viktig for både næringsliv og innbyggjarane. Lindås kommune har difor ved fleire høve forskotert store summer der vi ikkje sjølv er vegeigar. Dette gjeld for E39 og Fv57 som før var riksveg.

Som ordfører merker eg meg eit stort engasjement blant innbyggjarar og næringsliv når det kjem til bompengepakkar. Fleire tek til orde at no må staten på banen, vi treng betre og sikrere vegar både for køyretøy og dei mjuke trafikantene. E39 går tvers igjennom vårt kommune og regionsenter, og Fv57 til Norges største industristad Mongstad som no skal ha ei formidabel utbygging med off shore baseaktivitet, og ilandføring av olja frå Utsira høgden- Johan Sverdrup.

Nordhordlandspakken AS eigd av kommunane, fylkeskommunen og Bergen kommune jobbar iherdig for å få utvikling på vegnettet . Slik vi ser det må det skje noko snarast, med eller utan bompenger. Eg og mange med meg håper at det no er tid for statleg ansvar for vegnettet , slik at ein kunne unngått bompenger. Eg meiner at det er vår tur no. Vi må ha på plass infrastruktur, og vi treng så sårt tiltak for mjuke trafikanter. I min kommune har vi i gjennomsnitt hatt 1 dødsulykke kvar år dei siste åra. Vi har eit eige trafikk prosjekt , og jobbar iherdig utifrå dei midler vi har til rådighet for å slik gjere det vi kan med forebygging, haldningskapande arbeid for å få ned både antal drepne og skadde i trafikken.

Eg vil difor be statsråden om eit møte over påske, der eg kan få utdupe meir av denne utfordringa . Eg les i lokalavisa at samferdselsdep gjerne går i dialog med kommunane om ei vegutbetring utan bompenger, så difor vender eg meg til deg om anmodning om eit møte.

Håper De er positiv til det, og eg tek gjerne med meg fleire representantar frå regionen til møtet. Bjarte Vatnøy (FrP) i Lindås er svært engasjert i dette, og eg vil svært gjerne ha han med til Oslo.

Om statsråden heller ynskjer å møte oss i kommunen, så er du sjølv sagt hjarteleg velkomen til Lindås, til møte og til synfaring.

Håper på positivt svar frå deg.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Med ynskje om ei god tid framover og ei signerik påskehøgtid.

Med helsing

Astrid Aarhus Byrknes
ordførar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Statsråd Ketil Solvik Olsen

Postboks 8010
Dep

0030

OSLO